



Møteprotokoll

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset i Eidfjord, Kommunestyresalen
Dato:	23.05.2024
Tid:	09:00 - 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Ove Tveit	Leiar	H
Haldis Myrvang Rieber	Medlem	AP
Atle Myklatun	Medlem	H
Liv Myklatun	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Solberg	NEST	SV

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Magnus Steigedal Rådmann
Eivind Gregersen HR – sjef
Janne Eraker Oppdragsansvarleg Revisor Vestlandsrevisjon IKS
Knut Ingar Myklatun Økonomisjef (Til PS 19 og 20/24)

Kjell Ove Tveit
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 11.04.2024	2023/449	
	Politiske saker		
PS 16/24	Orientering frå rådmann, feiing og MVA problematikk i Eidfjord kommune.	2023/450	
PS 17/24	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – kommunen si rolle i næringsutvikling	2022/168	
PS 18/24	Orientering frå rådmann, oppfølging av vedtak.	2023/450	
PS 19/24	Årsrekneskap og årsmelding for Visit Eidfjord KF 2023	2023/485	
PS 20/24	Årsrekneskap og årsmelding for Eidfjord kommune 2023 - uttale frå kontrollutvalet	2023/485	
PS 21/24	Handlingsplan forvaltningsrevisjon psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver	2022/305	
PS 22/24	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 i Eidfjord kommune	2024/64	
PS 23/24	Plan for eigarskapskontroll 2024 - 2028 for Eidfjord kommune.	2024/63	
	Referat saker		
RS 12/24	Budsjettbrev frå Statsforvaltar	2023/485	
RS 13/24	VS: Nytt fra FKT april 2024	2023/463	
	Politiske saker		
PS 24/24	Eventuelt	2023/450	

GK 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

GK 6/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 11.04.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 11.04.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 11.04.2024

Vedtak:

Protokoll frå møte 11.04.2024 vart godkjent.

PS 16/24 Orientering frå rådmann, feiing og MVA problematikk i Eidfjord kommune.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal orienterte utvalet og svarte på spørsmål.

- Dette vart endra frå 2. termin 2024
- MVA ikkje krevd inn etter 13.februar 2024
- Rådmann sender ut informasjon om praksis knytt til feiing etter møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 17/24 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – kommunen si rolle i næringsutvikling

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ser seg til no nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal og Eivind Gregersen orienterte og svarte på spørsmål.

- Kommunen kan gjennomføre brukarundersøking for alle som har hatt ei byggesak innanfor ein tidsperiode.
- Kommunen har avtale med verktøyet "Bedre kommune" Kommunen er i dialog for å endre faste skjema.
- Kommunen vil gjennomføra ein slik brukarundersøking hausten 2024

Vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ser seg til no nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling

PS 18/24 Orientering frå rådmann, oppfølging av vedtak.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal orienterte og svarte på spørsmål.

Det er utfordrande for kommunen å følgje opp vedtak som går over lang tid, til dømes i saker som får rekkefølge krav frå Statens vegvesen og andre. Kommunen pliktar likevel å følgje opp desse vedtaka og ha eit system for dette, inkludert tilbakemelding til folkevalde organ.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering

PS 19/24 Årsrekneskap og årsmelding for Visit Eidfjord KF 2023

Forslag til uttale

- 1.Kontrollutvalet registrerer at Visit Eidfjord KF hadde eit underskot på kr. 1 099 481,- i 2023.
- 2.Kontrollutvalet støttar seg på Vestlandsrevisjon IKS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Visit Eidfjord KF i 2023 og har ikkje andre merknader til denne.
- 3.Uttalen vert å sende kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal og økonomisjef Knut Ingar Myklatun orienterte kort.

Ansvarleg revisor Janne Eraker orienterte om kort om revisjonen sitt arbeid.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1.Kontrollutvalet registrerer at Visit Eidfjord KF hadde eit underskot på kr. 1 099 481,- i 2023.
- 2.Kontrollutvalet støttar seg på Vestlandsrevisjon IKS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Visit Eidfjord KF i 2023 og har ikkje andre merknader til denne.
- 3.Uttalen vert å sende kommunestyret via formannskapet.

PS 20/24 Årsrekneskap og årsmelding for Eidfjord kommune 2023 - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

- 1.Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2023.
- 2.På bakgrunn av det som kjem fram i Forenkla etterlevingskontroll og Nummerert brev nr. 1 for 2024 frå Vestlandsrevisjon AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 10.10.2024 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal og økonomisjef Knut Ingar Myklatun orienterte om rekneskap og årsmelding.

Ansvarleg revisor Janne Eraker presenterte revisor sitt arbeid og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1.Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2023.
- 2.På bakgrunn av det som kjem fram i Forenkla etterlevingskontroll og Nummerert brev nr. 1 for 2024 frå Vestlandsrevisjon AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 10.10.2024 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten

PS 21/24 Handlingsplan forvaltningsrevisjon psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at handlingsplan for forvaltningsrevisjonsrapporten no er utarbeida og tek denne so langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen til møtet 10.10.2024
3. I møtet i oktober vil kontrollutvalet ha fokus på handlingsplanen sine punkt som gjeld 2. og 3. kvartal 2024. Dersom forbetningsarbeidet på desse punkta ikkje er ferdig gjennomført innan fristen vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at det i svaret vert antyda tidspunkt for når arbeidet skal vera fullført.
4. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 25.09.2024

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigdal orienterte og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at handlingsplan for forvaltningsrevisjonsrapporten no er utarbeida og tek denne so langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen til møtet 10.10.2024
3. I møtet i oktober vil kontrollutvalet ha fokus på handlingsplanen sine punkt som gjeld 2. og 3. kvartal 2024. Dersom forbetningsarbeidet på desse punkta ikkje er ferdig gjennomført innan fristen vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at det i svaret vert antyda tidspunkt for når arbeidet skal vera fullført.
4. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 25.09.2024

PS 22/24 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 i Eidfjord kommune

Forslag til innstilling

- 1.Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Eidfjord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
- 2.Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
- 3.Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
- 4.Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
- 5.Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

- 1.Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Eidfjord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
- 2.Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
- 3.Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
- 4.Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
- 5.Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

PS 23/24 Plan for eigarskapskontroll 2024 - 2028 for Eidfjord kommune.

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Eidfjord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.

5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til Innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Eidfjord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerermynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyretetter kvart.

RS 12/24 Budsjettbrev frå Statsforvaltar

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 13/24 VS: Nytt fra FKT april 2024

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 24/24 Eventuelt**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 23.05.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Det vart stilt fire spørsmål under punktet eventuelt

Medlem Haldis Riber hadde slike spørsmål.

a) Omfang av bortkøyring av kloakk frå reinseanlegg i Sysendalen påsken 2024.

- Rådmann svarte at det vart mindre omfang enn berekna.

b) Brannvarslingsanlegg på kommunehuset. Når kjem dette på plass.

- Rådmann svarte at dette skal kome på plass i 2024.

c) Ventilasjonsanlegg på kommunehuset. Er det plan for dette?

- Rådmann svarte at dette vert tema for økonomiplan 2025

d) Omlegging av heimeside og informasjon om kontrollutvalet.

- Rådmann og sekretariat tek tak i dette etter møtet og får på plass informasjon om kontrollutvalet på kommunen si heimeside.